

Anders Valle  
Hopsdalsvegen 31A  
5915 Hjelmås  
Epost: anders.valle@online.no

Hjelmås 14.03.16

Lindås kommune  
Byggesaksavd. v/Benjamin Hicks  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø  
Ref: 16/231- 16/4664

**Vedr. førehandsvarsel gbnr. 194/5 og 194/53 Mundal nedre.**

*Viser til dykkar brev datert 19.02.16.*

194/5 løe:

Viser til synfaring og brev motteke frå dykk. Bakgrunnen for at deler av løa vart tatt ned var at tak delar og veger gidde etter i sterk vind med orkan i kastene, og at det var knytt uvisse til sikring. Mi vurdering var at det var fornuftig å plukke ned de store steinhellene som var på tak og deler av veggene. Intensjonen var å kunne sette opp løa på nytt i tilnærma same utsjåande.

Det er vist til i brevet frå dykk at det er gangsette arbeid knytt til ny bustad med garasjar. Det er ikkje riktig. Kor kommunen har fått opplyst dette, vet eg ikkje og det har heller ikkje rot i verkelegheita. På synfaring ble det spurt om kva eg heldt på med, og da svart eg at eg bygger opp igjen løa.

Øvre plan av løa er tenkt som arbeidsområde og lager i forhold til gardsdrift – hovudsakleg tømmerhogst. Det inneber lokalar i tråd med dette for traktor og maskinar – på same vis som løa var tidlegare.

Stein som er plassert er materiell eg nyttar i mitt daglege virke m.a. i arbeid med å lage ulike murar. Det er såleis fornuftig å kunne nytte gardsplassen til mellombels oppbevaring og sortering av stein, som kan brukast til gråsteinsmurar. Det er såleis ikkje permanente deponi. Mi forståing er at dette ikkje går under søknadspliktig tiltak.

Viser til dykkar brev og alt arbeid er stanset. Søknad er utforma og nabovarsel sendt ut. Den vil bli sendt kommunen så snart frist for tilbakemeldingar er utgått.

194/53 Rubbhall:

Denne har blitt stående noko lenger enn løyvet opnar for. Rubbhalen skal takst ned, med hadde håpa å fått litt lenger frist en 15.04, da det oppbevarast verdiar der, som må omplasserast. Ideelt hadde eg hatt behov for den frem til løa var reist, men om man kunne fått forlenge fristen til 15.08 hadde det vært fint.

Helsing

**Anders Valle**